

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim



EIT MØTE MED PÅSKEBODSKAPEN I BILETE, TONAR OG ORD.

Austrheim kyrkje
PALMESØNDAG 28.mars 2021

Kl.18.30 -19.00: Påsketonar, orgel og saksofon.

Kl.19.00 - 20.00: Påskeevangeliet gjennom tekstar,
bilete, song og opplesing.

Solosong v/ Rigmor Ludvigsen.

Musikk: Hermund Rebnord, orgel, Kjell Bergsvik, saksofon.

Opplegget og talet på tilhørarar vert i samsvar
med gjeldande reglar pr. 28.03!

VELKOMEN!

Kyrkjebakken nr 03 – 2021 – februarnummeret – 50 årgang – nytt stoff innan 15.april



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjevevje:

Bustadtelefonar:
Sokneprest Rune Minde 906 95 377
Kyrkjevevje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på annonsering
heimeside, facebook og
plakat for mulige endringar.

Send sms til 906 95 377
om du ønsker sms-varsel
om gudstenester.

Palmesøndag kl. 19.00
Sjå vi går opp til Jerusalem.
Påsken i bilete, tonar og ord.
Meditativ musikk frå kl. 18.30

Skjærtorsdag kl. 11.00
Gudsteneste ved Rune Minde

1.påskedag kl 11.00
**Høgstidsgudsteneste ved
Rune Minde**

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

Bak stengte dører?

Påske 2021
Av preses Olav Fykse Tveit

I fjor var kyrkjedørene stengde i heile påska, kanskje for første gong i kyrkja si historie i Noreg. Ikkje ein gong under krigens dagar var det slik. Dette er eitt av mange teikn på kor heilt annleis det siste året har vore. Kven skulle tru at vi vart nødt til å ha stengte dører i kyrkja i Noreg?

Det er når ein ikkje lenger har det som ein elles tek for gitt, at ein legg merke til kor viktig det er:

*«I dag står flaggstangen naken
blant Eidsvoll's grønnende trær.
Men nettopp i denne timen
vet vi hva frihet er.»*

Slik las Nordahl Grieg frå NRKs radiostasjon i Tromsø 17. mai 1940. Vi kjenner dramatikken i orda hans frå ulike opplevingar det siste året. Vi har hatt mange eksempel på at vi plutsleg ikkje har noko vi har tatt for gitt, og kjenner no på kva det betyr for oss. No er det ein skjult fiende som trugar oss, helse og liv. Det er ikkje heilt den same dramatikken som for 80 år sidan, men likevel noko som får oss til å la vere å gjere det som elles hadde vore heilt naturleg: Helse på kjente og ukjente i handa, møte menneske både heime og ute, klemme på barn og barnebarn, vere i ei forsamling med mange menneske, gå på skule, arbeidsplassen, bussen, toget, fotballbanen – og vi kunne fortsette. Og alt dette gjer vi av frykt for helse og liv, for andre og for oss sjølve.

No skal vi feire påske, ikkje berre ha påske i kalenderen. I år ser det ut til at det er litt nye vilkår. Så vi planlegg påskefeiring – i kyrkjene – men med eit lite atterhald om kva som måtte bli nødvendig dersom det vert lokale smitteutbrot.

Den kristne kyrkja er blitt til i ein situasjon prega av drama og frykt. Ei av historiene frå påskeevangeliet handlar endå til om stengde dører. Det er ganske forståeleg det som vert fortald i Johannesevangeliet kappittel 20, vers 19-23. Disiplane gøymde seg og stengde døra bak seg fordi dei var redde. Dei hadde gode

grunnar til å stenge døra. Dei såg kva som skjedde med Jesus, dei kunne frykte det same for deira eigen del. Det var blitt ny uro i Jerusalem av ryktene om at han ikkje var lenger i grava der han var lagt.

Men ikkje ein gong deira frykt kunne stenge den oppstandne Jesus ute og forhindre han i å møte dei der dei var i livet: Fylte av frykt, stengte inne i sin eigen redsel. Jesus kom likevel, Jesus kom heilt inn til dei. Han kom ikkje med

latterleggjering av at dei var redde. Han kom heller ikkje med hemn over dei som hadde både forlate han og fornektat han. Han kom ikkje ein gong med kritikk.

Han kom med eit anna budskap:
«Fred vere med dykk!»

Dette vart på eit vis den første kristne gudsteneste, som eit møte mellom den oppstandne Jesus Kristus og dei menneske som samlar seg fordi dei følgjer han – eller har følgd han. Så sender han dei ut. For å dele det dette møtet med den oppstandne gir dei. Slik har det halde fram, heilt til oss og vår tid: Nokon har halde ryktet om den oppstandne Jesus Kristus levande og skapt møteplasser mellom oss og han.

Slik har våre gudstenester vorte til. Slik er dei fortsatt noko som er meir enn oss sjølve og våre kjensler av frykt eller kva det måtte vere som fyller oss. Men dei er også eit møte der vi kan vere oss sjølve, ja, der vi ikkje kan vere noko anna enn oss sjølve. For det er slik den oppstandne kan møte oss. Og sette mot i oss. Og sende oss ut for å leve og dele det Gud har gitt oss.

Vi treng desse møtene. Med den oppstandne – og med kvarandre. Difor håpar eg inderleg at vi kan få feira gudstenester i kyrkjene denne påska. Skulle det ikkje gå, minner påskeevangeliet oss om at Jesus når inn til oss der vi er – likevel. I så fall treng vi endå meir eit ord om fred.

God påske!



Bjørnar Fjellhaug *Min salme*

Eg har alltid vore glad i salmar og songar. Det å velja ein salme, har ikkje vore enkelt då det er så mange ein kunne teke fram og som har betydd mykje gjennom livet. Heilt frå eg var liten, vaks eg opp på bedehuset heime på Solsvik og song var ein viktig del og har følgt meg etterpå. Det er noko spesielt med desse kjære songane vi høyrer og syng både i bedehus og kyrkje. Dei er både til trøyst, glede, oppmuntring og fortel om noko som er så mykje større enn oss. Eg er særst takksam for den skatten som ligg i songane, og har mang ein gong gjeve styrke og kraft gjennom livets mange fasettar.

Ein av songane som har betydd mykje for meg og som eg vil trekkje fram er salmen «Det enda som bär», skriven av den svenske organisten, komponisten og songforfattaren, Lydia Lithell. Lydia Lithell (f. 1909) skreiv over 300 songar og salmar gjennom sitt 48 år lange liv. Det vert fortalt at ho alltid hadde penn og papir med seg alle stader, på nattbordet, i handveska, under møtet i påvente av at det skulle koma ein song. Inspirasjonen fekk ho frå naturen, frå preika, ei reise, ein draum eller gjennom stemninga i møtet. Var ikkje kjensla til å skriva ein song der, blei det ingen song. Lydia Lithell leid av kreft og den siste tida var ho sengeliggjande og hadde ikkje lenge att då ho skreiv skreiv songen: «Det enda som bär, när allting annat vacklar».

Livet er ikkje nokon dans på roser. Langs vegen er det også ein del torner som møter ein og kan gje ein både sår, stikk og smerte. Slik er også vandringa vår gjennom livet. Det er både oppturar og nedturar, sorg og glede, men gjennom alt kan ein vite at sjølv om eg til tider kan vakle, er Guds nåde og barmhjertigheit den same.

Det einaste eg veit, det er nåden rekkjer, at Kristi blod mi synd og skuld dekkjer. Det einaste eg har å lita på ein gong, det er Guds nåde, Guds grenselause nåde. Jesus døydde på Golgata kors nettopp for å opna opp vegen til Himmelen for oss. Nåden er gitt oss ikkje på grunn av, men på tross av det vi kan vere. Han veit at livet til tider kan vere kronglete og vanskeleg, og difor tok Han alt på seg på Golgata, for å gjere det mogleg for meg og deg å ein dag nå fram til den «vita tronen».

Lydia Lithell visste at alt som var bygd her på jorda kun var for ei kort tid. Denne sterke songen og vitnesbyrdet viser at ho var trygg på at Guds nåde er grenselaus og at det einaste som gjeld, er ei frelst sjel!

Eg er særst takksam for at det er ein Himmel over våre liv og at Jesus gjorde det umoglege mogleg på grunn av sin kjærleik for oss. Så veit eg at det eg har å lita til ein gong, «det er Guds nåd, Guds gränslösa nåd».

*Det enda som bär när allting annat vacklar
Det enda som bär när allting annat vacklar,
det är Guds nåd och hans barmhärtighet.
All jordisk berömmelse och glans den slocknar
när sist jag står hos Gud i härlighet.*

*Ref:
Det enda jag vet det är att nåden räcker,
att Kristi blod min synd, min skuld betäcker.
Det enda jag har att lita till en gång,
det är Guds nåd, Guds gränslösa nåd.*

*Det enda som står igenom alla tider,
är Kristi kors och blodets säkra grund.
Ty allt vad jag byggt av hö och strå det faller.
Det varar blott en kort, en flyktig stund.*

*Det enda jag har inför den vita tronen,
det är en frälsad själ. Halleluja!
Och detta är nog ty all min synd blev sonad
när Jesus dog för mig på Golgata.*



BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

«Følg med på Facebook eller plakat for eventuelle endringar grunna smittevern»

God bok



Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgret.
Legevakt 116117

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl. 08.30 - 15.00.

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.**

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM





Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvare - Bokhandel/Leikar
Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Targehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik

BoschCarService.no

For everything your car needs.



Austrheim sokn

Gravlagde

05.03.21 Solveig Øksnes f.1933



Hjarteleg takk

til Diakoninemnda for hyggeleg helsing på min 85 års dag.

Helsing Idar Kaland



Hjarteleg takk

for minnegåva som vart gitt til Nordliheimen i samband med gravferda til Thordis Sundfjord

Takksame helsingar frå personalet og bebuarane ved Nordliheimen

Mange takk

til diakoninemnda for hyggeleg helsing på min 85 års dag og takk til Solveig Bakke som overleverte helsinga.

Og mange takk til Lindåsneset sanitetslag for blomst og jule og nyttårshelsing.

Helsing Oskar Fønnes

JULEMESSEN

som Husmorlaget har arrangert på Samfunnshuset blir nå avsluttet

Laget er lite og medlemmene eldre sådet blir for mye for oss.

Vi takker alle som fra 1959 har bidradd med varer å selge, og alle som har vært kjøpere.



4. klasse – Årås skule



4. klasse – Kaland barne- og ungdomsskule

BARN OG UNGE I BIBLIOTEKET

Me innrømmer det gjerne, dei aller viktigaste brukarane me har på biblioteket, det er barn og unge! Ingenting gler oss meir enn når ein ung lånar kjem og spør etter ei bok han eller ho likar, eller spør etter hjelp til å finna noko spennande å lesa. Kjekt er det også når ein ung lånar opp dagar at biblioteket er ein plass der det går an å vera, også etter skuletid. Her kan ein slappa av, spela spel, låna pc, gjera lekser, lesa i ro og mak, eller gå på jakt etter ei god leseoppleving i bokhyllene. Me har fleire kroker der ein kan gøyma seg vekk for å sitja i fred, i tillegg til eit stort bord med plass til mange, dersom ein har lyst å vera fleire i lag.

Sommarles

Eit av årets høgdepunkt på biblioteket, er den årlege leseaksjonen Sommarles, ein digital leseaksjon for dei som går i 1.–7. klasse. Dette har blitt veldig populært dei siste åra, og i fjor var over halvparten av dei som var i målgruppa med på Sommarles. Den magiske regnskogen er tittelen på årets aksjon, og frå 1. juni kan ein gå inn på www.sommarles.no og



registrera seg om ein har lyst å vera med. Her registrerer du og sankar poeng for alt du les. Etter kvart har du tent opp så mange poeng, at du kan gå på biblioteket og henta deg ut premiar. Dette er veldig stas, og tilbakemeldingane frå føregående år, både frå barn og foreldre, er at dette er eit kjekt og kjærkomme tiltak.

Det heile vert avslutta med ein sommarlesfest med is til alle og trekning av premiar. I fjor måtte me skrinleggja avslutningsfesten grunna covid-19, men i september i år håpar me på at me får laga til ein skikkeleg god fest for dei som blir med. Me har allereie booka inn underhaldninga, så me kryssar fingrane og håpar på det beste.

Luftig leseglede

I år har me eit nytt, kjekt prosjekt på gang, eit prosjekt me har valt å kalla Luftig leseglede. Det går kort sagt ut på at me vil ta litteraturen med oss ut i det fri og driva med høgtlesing og anna formidling utanfor biblioteklokala, gjerne under open himmel og til litt andre grupper enn dei som vanlegvis frekventerer biblioteket.

Første leseøkt ute i det fri var saman med 4. klasse frå Årås skule. Ein kald og klar vintermorgon tidleg i februar, ute i snøen på Tusenårsstaden vår, fekk elevane servert eple og appelsinar, i tillegg til ein smakebit av den spennande historia «Pokaltyven» av Lars Mæhle. Vel ei veke etterpå gjekk turen til 4. klasse på Kaland, der me rigga oss til med teppe og skinnfellar ute mellom trea bak ballbingen. Veldig kjekt, om enn noko kaldt, med lesing ute i snøen. Gøy var det også å få låna mattene våre til akebrett etter høgtlesinga. Kari senior kunne heller ikkje dy seg, og tok seg ein runde i løypa ho òg, før turen gjekk inn att på biblioteket. Me ser fram til meir formidling i det fri i løpet av året



Skulebibliotek

Kanskje ikkje alle er klar over at Austrheim folkebibliotek også fungerer som skulebibliotek? På Kaland har dei eige, sjølvbetent bibliotek inne på skulen. Ein dag i veka er ein av oss frå biblioteket på plass for å hjelpa til, for å halda orden, og for å registrera og stilla ut nye bøker. Elevane frå Årås har hovudbiblioteket som sitt skulebibliotek, og i skuletida tysdagar og fredagar har me ofte ein eller fleire klassar på besøk. Mindre grupper frå barnehagen tek også turen innom i blant, for å låna bøker, eller for å ha ei lita lesestund i biblioteket.

PlayStation

Her kjem ei gladmelding til alle som likar å spela PlayStation: Me har nettopp kjøpt inn ny, stor TV-skjerm, og snart kjem det også ein splitter ny PS5, så no kan du snart komma på biblioteket og spela viss du vil.

Grunna covid-19 og omsyn til smittevern, har me hatt eit år med litt tørke på arrangementsfronten på biblioteket. Me gler oss til snart å kunna opna opp att for forfattartreff, framsyningar, strikk og lytt og mykje meir framover. Me går heldigvis mot lysare tider.

Spente førsteklasingar på biblioteket. Kari Utkilen les frå Prompetrollet av Bjørn Ousland, ei artig historie om forsiktede Henrik som blir forfulgt av eit prompetroll. Dette gjer sjølvsgatt at han hamnar i mange pinlige situasjonar.



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

**Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller**



MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling:
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

**Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset**

*Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.*

Telefon vakt 56 16 98 35



**Panasonic
Varmepumper**


5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Ring døgnvakt:
56 35 09 10**
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



BARNELAGET PÅ LITLÅS BEDEHUS!

Barnelaget på Litlås er eit lag som har vore i drift i ca 50 år. Aud Risnes starta heime hos seg sjølv, og leverte stafettpinnen vidare då dei flytta frå bygda. Etter nokre år i ein annan heim vart det på begynnelsen av 80-talet flytta til bedehuset.

Det var mange born som møtte på barnelaget, og ofte var det fullt bedehus med kjekke, flotte born. I tillegg til andakt og mat, var det også tid til hobbyaktivitet. Både jenter og gutar var flittige på brodering 🧵



På barnelaget i dag er to av leiarane som starta i slutten av 70-talet framleis aktive i leiargruppa. Eldste leiaren vår er 86 år, yngste 16 år, og samarbeidet går supert!

Sentralt i barnelagsarbeidet gjennom alle desse åra er å lære barn om Jesus, og alt det fantastiske vi kan høyre om i Bibelen. Ulike formidlingsformer blir brukt, og haustandaktane kunne by på både poteter og hårsikum.... Ikkje så vanskeleg å halda interessa oppe hos borna då.

Når vi har barnelag begynner vi alltid med sang og ei forteljing frå Bibelen. Deretter er det ein liten matbete, der

praten går lett rundt bordet, og vi har ei fin stund i lag.

No er tida komen for leik og hobbyaktivitet. I storsalen har vi bordtennis og airhockey som borna kan bruke. MEN dei fleste vil jobbe med ulike hobbyprosjekt. Barnelaget har dei seinare åra satsa mykje på halvfabrikat i tre. Dette har vore veldig kjekt å jobbe med. Mykje godt arbeid undervegs, og det blir veldig flotte sluttprodukt. Å få lov å bruke svipenn og brenne i tre er også svært spennande. Vi har bevega oss litt vekk frå brodering, men konsentrasjon om arbeidet er nok den same.



**FOR 785
MILLIONAR MENNESKE
ER DETTE DRIKKEVATN**

...TENK OM DU MÅTTE GI DET TIL DITT BARN?



REINT VATN REDDAR LIV.
FORANDRE. FOR ANDRE.
fasteaksjonen.no

Vipps valfritt beløp til **2426**
SMS VANN til **2426** (250,-)
eller gi på konto **1594 22 87493**



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Neptun Seniorklubb, 1991 – 2021



I januar/februar 1991 treftest nokre pensjonerte sjøfolk frå Austrheim på «Senteret» og prata om ein gryande idè om å starta ein pensjonistklubb for sjøfolk. Dei vart samde om å setje inn ein annonse i Kyrkjebakken for å skape interesse for dette.

26. februar 1991 møttest 10 karar i Kilstraumen, og dette vart starten på pensjonistklubben. Neptun Pensjonistklubb vart namnet, og dei fyrste vedtektene vart utforma. Der sto det mellom anna at «Medlemene skal ha fylt 60 år og vere sjøfolk frå Austrheim». Det minkar på sjøfolk frå Austrheim, og vedtektene på dette

punktet er difor endra til at «medlemene skal vera aktive eller pensjonerte sjøfolk frå distriktet, samt andre personar som har, eller har hatt tilknytning til maritim verksemd». Grunna endring av pensjonsalderen vedtok årsmøtet i 2018 å endre navnet til Neptun Seniorklubb.

Det vart fort interesse for klubben, og snart vart medlemstalet liggjande på rundt 100 personar. Dette talet har vore jamt stabilt, og i år er det 102 registrerte medlemmer.

Klubben har sidan oppstarten som regel hatt medlemsmøter kvar månad, unnateke juni, juli og desember. Nokre med underhaldning og med ektefeller tilstades, inkludert ei vår og ei haustfest. To turar i året har me hatt. Ein innanlandstur om våren, og ein utanlandstur om hausten. (unnateke koronatida).

Ein tur må nemnast. I august 1993 gjekk turen til Holsterbro i Danmark. Der vart det kjøpt inn ei seglskute som vart gjeve til Austrheim Kyrkje



som eit minne om dei som har komne bort på sjøen. Seglskuta vart vigsla av Jan Ulveseth den 17. juli 1994.

I det sørvestre hjørnet av kyrkjegarden står det eit minnesmerke med påskrifta «Til minne om dei som kom bort og ikkje har fått ei grav.» Dette minnesmerke vart reist etter initiativ frå Neptun, og med svært godt samarbeid med soknerådet og Austrheim kommune. Støtta vart avduka 1. pinsedag 2012 av avdøde leiar i Neptun, Arnt Lundal, ordførar Per Lerøy og nestleiar i soknerådet Arne Lerøy.

Neptunmedlemene er lette å be nå det trengst dugnad til beste for bygda. Innreiinga av Seniorsenteret, fasademaling og vøling av Nordliheimen og sist fasadevask og maling av Rongevær Kurs og Fritidssenter (Planlagt fullført i år.) er døme på dette.

I 2017 tok Neptun initiativ til strandrydding i Austrheim. Det er nok den største dugnaden me har sett i Austrheim. Med god hjelp av kommunen fekk me begge barnehagane, begge grunnskulane Austrh.VGS og nokre bygdelag med på laget, ja også eit par klassar frå Knarvik VGS deltok ! Me frakta elevar og



vaksne rundt i så og seia alle holmar og stren-
der i Austrheim, og i åra 2017 og 2018 plukka
me opp ikkje mindre enn 34 tonn avfall frå
strendene våre. For dette arbeidet vart me
nominert til Hold Norge Rent sin heiderspris,
Gullklypa. Me kom til finalen som ein av fem
på landsbasis, men vann ikkje. (Snufs..)

I 1995 tildelte Austrheim Kommune
kulturprisen til Neptun for oppbygginga av
Risor II. I 2005 fekk me sjømannsprisen,
heidersprisen, frå Bergensavisens
sjømannscruise for arbeidet med Risor II, og i
2010 fekk me sjømannsprisen for andre gang.

Det største arbeidet og tradisjonen for
klubben er likevel i Selsøyna. Frå juli 1944 til
ei dramatisk evakuering litlejulaften same
året, var det ein aktiv lyttestasjon i holmen.
Våren 1994 starta ein gjeng ivrige karar å
bygge oppatt denne lyttestasjonen. Våren
1995 hadde dei fått bygd oppatt hytta og også
fått på plass flytebryggje der karane frå 2.
verdskrigen sneik seg på land, reist flaggstong
og montert minneplate på ein eigna
bergvegg.

Austrheim Kommune har
oppretta brukaravtale med grunneigar, og



Neptun har driftsavtale med kommunen.
Sidan den gong er svært mykje gjort i
Selsøyna. No er det godt med
flytebryggjer og gongveggar, opparbeidd
sti til toppen av øya der radiohytta står.
Benkar og bord på samlingsplassen er
fastmontert, stor scene med plass til
skulemusikken, og sist bygd er ein liten
paradeplattform ved minnetavla. Alt arbeid
og vedlikehald er kosta og utført av Neptun
Seniorklubb, og det er me verkeleg stolte av.
Det er også merka ein godt gåande sti til den
gamle husmannsplassen på nordenden av
øya.

13. mai 1995 vart den store dagen i Selsøy,
50 årsdagen for frigjeringa skulle feirast.
Risor II vart gjenopna og minneplata vart
avduka. Den første gudstenesta i Selsøyna
vart halde framfor eit kors i bjørk, og det
vart fleire fine talar. KNM Hitra, som sto for
evakueringa i 1944, låg oppankra utanfor
flytebryggja, og det var om lag 200 personar
tilstades i eit nydeleg ver.

Sidan 8. mai 1996 har me gjennomført
minnemarkering i Selsøyna kvart einaste år,
og det har vorte ein slik god tradisjon og ein
festdag i Austrheim med utegudsteneste,
musikklag, songkor, elevframføringar, talar og
helsingar som gjer at ordføraren takkar nei
til alle andre invitasjonar den dagen. Uansett
ver møter det som regel opp mellom 200 og
250 personar på denne dagen. Det er ei stor
glede å sjå kor bygdefolket, frå barnehagane
til svært godt vaksne støttar opp om denne
markeringa, og viser at me set umåteleg pris
på kor godt me eigentleg har det, her i vår
frededelege del av verda. Neptun Seniorklubb
vil fortsetje å vedlikehalde Selsøyna og
gjennomføre fredsmarkering kvart år
framover, i håp om fred i Norge i all framtid..
Å sjå barnehagar og skuleelevar der ute 8.
mai, gjer oss godt håp om at nokon vil overta
og vedlikehalda tradisjonen i lang lang tid
etter at me har mønstra av.

Beste helsing
Idar Hopland, Leiar Neptun Seniorklubb

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 28. mars kl 11:00. Formiddagsmøte v/Christian Skoge.

Søndag 11. april kl 11:00 Formiddagsmøte

Søndag 25. april kl 11:00 Formiddagsmøte v/Reidun Skurtveit

Søndag 9. mai kl 11:00 Formiddagsmøte

Søndag 23. mai kl 11:00 Formiddagsmøte

**Følg med på facebook og websida for evt
endringar i møteform som følge av smitte-situasjonen.**

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.

